

NY KOMMUNE
BØ & SAUHERAD



INTENSJONSAVTALE

NY KOMMUNE BØ & SAUHERAD

I Stortingsmelding nr 14 (2014–2015) har Stortinget bede alle kommunar om å vurdere eigen storleik og struktur opp mot dagens krav til tenesteproduksjon med tanke på dei neste 50 åra. Denne intensjonsavtala beskriv kva kommunane har lagt vekt på ved bygging av ein ny kommune.

Når Storting og regjering i 2017 har godkjent samanslåing til ein ny kommune skal det velgjast ei nemnd (nemnda) som skal planleggje den nye kommunen.

Visjon:

Vi skapar framtida saman!

Kommunen skal vere driftig, vekstorientert og kjenneteiknast av høg trivsel, gode tenestetilbod, grøn profil og førebyggjande arbeid.

INNHALD

Kommunale tenester s. 3

Kommunen som demokartisk arena s. 4

Kommune som offentlig forvaltningsorgan s. 5

Kommunen som samfunnsutviklar s. 5

Kommunen som arbeidsgjevar s. 6

Økonomi s. 7

Informasjon til innbyggjane, tilsette og innbyggjarhøyring s. 7

Konsekvensutgreiing s. 7

Fakta om den nye kommunen s. 7

Formål - kvifor skal Bø og Sauherad slå seg saman?

Sett i høve til å stå aleine skal den nye kommunen vere betre rusta til å møte framtidens utfordringar.

Den nye kommunen vil få:

- Sterkare fagmiljø med større kapasitet og breiare kompetanse
- Mindre sårbare tenester og meir attraktive arbeidsplassar
- Betre tilpassa tenester til ulike brukarar og brukargrupper
- Meir solid økonomi for å takle økonomiske svingingar
- Større evne til å overta oppgåver og beslutningsmyndighet frå stat og fylke
- Betre høve til å lokalisere statlege arbeidsplassar
- Styrka posisjonen som regionsenter
- Betre utviklingstenester innan næringsutvikling, plan og strategi og deler av kulturfeltet

Forsidefoto: Øystein Akselberg, Mona B. Kasin
Design: Superlativ Media AS
Trykk: Erik Tanche Nilssen.
Fulldistribuert til alle husstader i Bø og Sauherad

KOMMUNALE TENESTER

Primæroppgåva til den nye kommunen er å gje gode tilpassa tenester til innbyggjarane nærast mogeleg der folk bur. Dette er i tråd med dei behov og rettar til velferdstenester som til ei kvar tid gjeld. Primærteneestene skal i hovudsak leverast til innbyggjarane på same stad som i dag. Det som blir samlokalisert, er fyrst og fremst administrative funksjonar og spesialiserte tenester.

Førebygging og tidleg innsats skal styre utvikling av tenestene på alle fagområda. Dette betyr meir samhandling på tvers av alle sektorar.

Organiseringa vil bli vurdert i sin heilskap av nemnda. Dette vil truleg medføre at mange av etatane og dei interkommunale funksjonane vil fortsette som før, medan andre kan bli endra.

Den nye kommune vil:

- Sjå med nye auge på samansetning av fagmiljø og etatar
- Vurdere funksjonar som i dag er organisert i interkommunale samarbeid og sjå fritt på desse
- Lokalisere funksjonane med formål om å styrke og vidareutvikle gode fagmiljø
- Få til god utnytting av eksisterande bygg

Rådmann og administrasjon

Ved samanslåing frå to til ein kommune skal ein over tid effektivisere administrasjonen for å kunne styrke utvikling av gode velferdstenester.

- Nemnda med prosjektleiar vil organisere den nye kommunen
 - Kommunalsjefane bør primært lokaliserast i det operative miljøet
 - Nemnda må vurdere om plan- og strategiarbeidet bør ligge direkte under rådmannen
 - Det skal etablerast rapporteringsverktøy som tek vare på målsetjingane i intensjonsavtala
- Ordførar og rådmannsfunksjonen med stabsfunksjonar bør lokaliserast i Bø.

Oppvekstområdet

Kommunen skal tilby god tilpassa undervisning med høg kvalitet og ha barnehagar og skular som bidrar til høg trivsel og god folkehelse.

- Skule og barnehage skal utvikle kvaliteten ut i frå den strukturen som er etablert i dag
- For betre å drive førebyggjande arbeid for born og unge, krevst eit godt integrert samvirke mellom alle tenestene. Alternativ organisering av desse tenestene skal vurderast av nemnda
- Den nye kommunen er open for fritt skuleval for grunnskule i grenseområdet Hjuksebø

Administrasjon for skule og oppvekst, flyktningsteneste, vaksenopplæring, samt PPT og barnevern bør lokaliserast til Sauherad.

Helse, velferd og omsorg

Kommunen sitt mål for helse og omsorgstenester er gode, tilpassa tenester til innbyggjarane.

- Den nye kommunen skal oppnå meir på helseførebyggjande arbeid og innanfor dei spesialiserte områda
- Innbyggjartenestene skal i utgangspunktet leverast der dei blir levert i dag
- Ei samanslåing mellom Sauherad og Bø vil betre nytte ressursane og gje mogelegheit for spesialfunksjonar på sjukeheimar og andre einingar

Administrative tenester for helse og omsorg bør lokaliserast i Bø

NAV

NAV tenestene skal inngå i kommunen sitt førebyggjande arbeid.

- Den nye kommunen ynskjer å samle fagmiljøa i eitt NAV-kontor
- Kommunen ynskjer også å etablere eit samarbeid med NAV Notodden for innbyggjarar i den austlege delen av kommunen
- Kommunen vil aktivt arbeide for å overta nye oppgåver frå NAV Stat

NAV-kontoret skal lokaliserast på ein stad, Sauherad eller Bø. Dette skal det forhandlast med staten om.

Tekniske tenester og plan

Ein større kommune skal sikre sterkare fagmiljø og kompetanse innanfor tekniske tenester, plan og strategisk utvikling.

- Den nye kommunen skal ha ei særskilt satsing på plan og strategi for å legge til rette for ny vekst og utvikling
- Drift og vedlikehald skal legge vekt på førebyggjande vedlikehald

Teknisk etat bør lokaliserast i Bø.

Landbruk, reiseliv og næringsutvikling

- Næringsutvikling og landbruk basert på fornybare ressursar som tek vare på miljøet, skal vektleggast
- Tettare samvirke mellom dagens landbrukskontor, næringsutvikling og reiselivsnæring skal prioriterast

Denne verksemda bør lokaliserast til Sauherad.

Kultur, idrett og frivillig sektor

Kommunen vil prioritere eit mangfaldig kulturliv og frivillig sektor for å byggje trivsel og folkehelse. Kultursektoren skal vere ein sentral aktør i utviklinga av lokalsamfunnet.

- I samarbeid med kommunen er frivillig sektor ein viktig aktør for å styrke og utvikle den stadlege identiteten, eigenarten og tilhørsla
- Ein større kommune vil skape ein sterkare kulturfagleg administrasjon, betre tilrettelegging for frivilligheit og utvikling av eit inkluderande og mangfaldig kulturtilbod

- Tillit, sosiale nettverk, inkludering, fellesskap og meistring er kjerneomgrep i kulturliv og kulturaktivitet – og viktige element i utvikling av attraktive stader og bumiljø
- Kulturskulane skal i utgangspunktet tilby undervisning der dei gjev tilbod i dag

Kulturadministrasjonen bør lokaliserast til Bø.

Investeringar

Økonomiplanane for eksisterande kommunar peikar på dei høgast prioriterte og finansierte tiltaka som er med inn i den nye kommunen. Nemnda vil lage ny økonomiplan for den felles kommunen frå 2020. Ved inngåing av intensjonsavtala er det peika på følgjande større investeringar:

- Nytt skulebygg på Gvarv 1-10
- Auke kapasiteten på Bø ungdomsskule



KOMMUNEN SOM DEMOKRATISK ARENA

Namn på kommunen og kommunevåpen

- Ei felles nemnd vil utlyse ein namnekonkurranse der innbyggjarane får anledning til å fremme namneforslag og ideinnspeil til kommunevåpen som kan spegle identitet og eigenart
- Felles kommunestyremøte i 2017 gjer endeleg vedtak om namneforslag. Namnet på den nye kommunen må godkjennast av regjeringa

Talet på representantar i det nye kommunestyret

- Det nye kommunestyret skal ha 29 medlemmer, formannskapet skal ha 7 medlemmer

Samansetjing av felles nemnd

(nemnda) som skal førebu den nye kommunen

- Kwart kommunestyre skal utnemne fem medlemmer til nemnda
- Nemnda utnemner eit partssamansett utval for å ivareta forholdet mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevar

KOMMUNEN SOM OFFENTLEG FORVALTNINGS- ORGAN SOM UTØVER MYNDIGHEIT

For å sikre god og likeverdig offentlig forvaltning er det viktig med tilstrekkeleg kompetanse og distanse mellom innbyggjarane og forvaltninga.

Mål

Større kommunar er betre rusta til å drive samfunnsutvikling.

I ein samanslegen kommune blir fagmiljøa styrka med fleire tilsette på fleire forvaltningsområde der ein i dag er få tilsette. Målet er å styrke den kommunale forvaltninga og utøvinga av offentlig mynde på ei rekkje oppgåver. Dette vil dessutan gje innbyggjarane betre rettstryggleik og sikre meir lik handsaming.

Interkommunalt samarbeid og eigarstrategi i kommunale selskap

Der vi i dag er tre kommunar som har avtaler i Midt-Telemarksamarbeidet, må avtalene re-forhandlast for å tilpassast ein ny kommunestruktur.

- Den nye kommunen skal sjå på dei interkommunale tenestene på nytt

- Nemnda skal drøfte desse ut i frå krav til kommunal folkevald styring, fagmiljø og kost-/nytteverdi
- I tillegg til å vurdere dei samarbeida ein har, skal nemnda vurdere andre aktuelle samarbeid både mot Nome og Notodden
- Nemnda skal vurdere eigarstrategiane i dei kommunale selskapa

Målform

- Kommunen vil ta omsyn til at innbyggjarane har ein levande dialektbruk og både har bokmål og nynorsk som hovudmål
- Den nye kommunen skal legge til rette for aktiv bruk av begge målformene. Kommunen skal utarbeide ein målbruksplan som konkretiserer korleis ein kan forvalte begge målformene

KOMMUNEN SOM SAMFUNNSUTVIKLAR

«Vi vil skape utviklinga, ikkje berre følgje etter den!»

Regionsenter og tettstadutvikling

Den nye kommunen skal arbeide for:

- Å stå sterkare imot den generelle sentraliseringa i samfunnet
- Byggje opp under og styrkje Bø som regionsenter
- Prioritere utvikling av tettstadene for å styrkje bustad- og næringsattraktiviteten

Næringsutvikling

Den nye kommunen skal arbeide aktivt for det grøne skiftet i samarbeid med næringsliv og Høgskulen i Sørøst-Noreg. Det grøne skiftet vil for oss seie næringsutvikling som byggjer på fornybare ressursar, og som tek vare på miljøet.

- Kommunen skal både ivareta eksisterande næringsliv og bidra til nye arbeidsplassar i alle delar av kommunen, mellom anna ved å ha tilgjengelege næringsareal og attraktive bustadtomter
- Kommunen skal sikre posisjonen som ein sterk reiselivskommune med Bø Sommarland som fyrstærattraksjon. Vidare er det viktig å støtte opp om dei etablerte reiselivsbedriftene, og bruke mogelegheitene som finst i forbindelse med Telemarkskanalen og fjellet

- Kommunen er positiv til ei næringsinitiert arbeidsplassutvikling i heile kommunen, med vekt på dei eksisterande tettstadene og deira fortrinn
- Arbeidet med næringsutvikling skal ha prioritert fokus og skal planleggjast nærare av nemnda i ein ny strategisk næringsplan for den nye kommunen

Areal, transport og infrastruktur

Den nye kommunen skal bruke strategisk arealplanlegging som verkemiddel for

- Utvikling av næringsareal og næringsutvikling i sentrumsområda
- Bustadutvikling – attraktive bustadmiljø både i tettstadene og i meir spreiddbygde delar av kommunen, som bidreg til folketalsvekst
- Vidareutvikling av hytteområda i kommunen
- Fortetting rundt kollektivknutepunkt som eit viktig tiltak for utvikling av klimanøytral transport
- Å bygge opp under Sørlandsbanen og Bratsbergbanen
- Gang- og sykkelveg langs riksveg og viktige fylkesveger, som er prioriterte satsingsområder

Klima og miljø

Den nye kommunen skal bli ein grøn distriktskommune. Dette betyr:

Miljøvenleg bustadbygging

- Fortetting i tettstader ved kollektivknutepunkt
- Spreidd bustadbygging med mål om 0-utslipp og god landskapstilpassing
- Fornybar energi i bygg

Grøn tankegang i utvikling og forvaltning

- Grøn næringsutvikling skal vere eit fokusområde i kommunen sin næringsplan
- Nemnda skal lage ny klima- og energiplan for den nye kommunen der klima- og miljømål skal inngå i alle sektorplanar
- Klima- og miljøkonsekvens skal synleggjerast i alle saker som vert fremja for kommunestyret
- Arbeide for høg bærekraftig jord- og skogproduksjon
- Praktisere eit sterkt jordvern

Kultur og frivilligheit

Kulturfeltet skal ha eit særskilt fokus og er ein nøkkel til å bygge fellesskap.

- Kommunen vil legge til rette for kulturaktivitet som festivalar, idrettsaktivitetar og arrangement
- Kulturlivet og frivilligheit skal stimulerast i heile kommunen for å styrke og utvikle stadleg identitet og eigenart
- Kulturarbeid skal fremmast som aktivt, førebyggjande folkehelsearbeid
- Kulturlivet og frivilligheit er vesentleg for å lukkast med god integrering av flyktningar
- Bø frivilligsentral vert oppfordra til å utvikle verksemda til å gjelde for heile den nye kommunen, særleg med tanke på tilbod for innbyggjarane aust i kommunen



Kulturmiljø og kulturminne skal ivaretakast og vere noko innbyggjarane kan vere stolte av.

- Felles kulturminneplan for Bø og Sauherad er under utarbeiding
- Mellomalderkyrkjene må takast vare på
- Kulturlandskapet med mellom anna Telemarkskanalen/austkanalen er viktige ressursar i nærmiljøet og for reiselivet

Student og skuleregionen

Høgskulen i Sørøst-Noreg (HSN) er ei hjørnesteinsbedrift i den nye kommunen og vil vere ein prioritert samarbeidspartner.

- Kommunen vil vere aktivt vertskap for Høgskulen i Sørøst-Noreg (HSN), Bø vidaregåande skule og for Sagavoll folkehøgskule
- Kommunen stiller seg bak høgskulen sitt mål om å bli universitet
- Den nye kommunen ynskjer å legge til rette for tilgang på kompetansen ved desse institusjonane og utvikle samarbeidet mellom høgskulen, næringslivet og kommunen

Innkjøp

Den nye kommunen og kommunalt eigde selskap skal ved bygg- og anleggsprosjekt og andre innkjøp, stille krav til seriositet og setje som vilkår for anbod at det ikkje føregår sosial dumping og svart økonomi. Entreprenørane skal kunne dokumentere samfunnsansvar og at lovar og reglar blir følgde. For større oppdrag som blir lyst ut på Doffin, skal entreprenørane ha ordningar for lærlingar. Kommunen skal legge «Telemarksmodellen» til grunn for framtidige innkjøp.



KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Ei samanslåing av to kommunar inneber at det er to ulike administrative kulturar som skal fungere saman. Dette kan gi positiv energi, men kan og vere utfordrande. Nemnda vert særskilt utfordra på å få etablert gode prosessar innan organisasjonsutvikling. Det er viktig at ein utnyttar kompetanse og ressursar som plattform til å utforme ein ny administrasjon for den nye kommunen.

- Ingen tilsette skal seiast opp som følgje av kommunesamanslåinga
- Ein skal oppnå effektivisering ved at tilsette i enkelte stillingar vil få nye oppgåver, eller ved naturleg avgang
- Nokre tilsette vil måtte rekne med å få ny arbeidsstad som følgje av samanslåinga
- Lov og avtaleverk som gjeld tilsette sine arbeidsforhold, skal nyttast i prosessane med å bygge den nye kommunen

ØKONOMI

Kommunen har som mål å budsjettere slik at ein oppnår ein berekraftig og sunn økonomi.

Den nye kommunen vil få 25 millionar i eingongs-utbetaling som stønad til samanslåinga.

Ved samanslåing vil dei to eksisterande kommunane oppretthalde dagens inntektsnivå fram til samanslåing i 2020. Dersom det ikkje vert samanslåing vil kommunane få reduksjon i inntekter.

Etter 2020 vil den nye kommunen få inndelings-tilskott i 15 + 5 år.

Gjennom samanslåing vil ein kunne rasjonalisere administrative kostnader. Denne effektiviseringa skal nyttast til å styrke tenesteproduksjonen i kommunen.

INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE, TILSETTE OG INNBYGGJARHØYRING

Innbyggjarinvolvering

- Forhandlingsutvalet i Bø tilrår å arrangere folkemøte og distribuere intensjonsavtala til alle innbyggjarane. Deretter vil ein gjennomføre ei opinionsundersøking med eit representativt utval. Kommunestyret tek stilling til dette 25. mai
- Sauherad skal arrangere folkemøte, møte med ungdom og distribuere intensjonsavtala til alle innbyggjarane. Deretter vil Sauherad gjennomføre ei opinionsundersøking med eit representativt utval

Næringslivet

- Næringslivet vert invitert til felles næringsfrukost der intensjonsavtala blir gjennomgått

Tilsette

Kvar kommune gjennomfører informasjonstiltak til egne tilsette.

KONSEKVENSGREIING

Ved eit vedtak om etablering av ny kommune tilrår forhandlingsutvalet i Sauherad at Sauherad

kommune konsekvensutgreier ei eventuell grensejustering ved Hjuksebø.

FAKTA OM DEN NYE KOMMUNEN

Kommunen blir ein stor distriktskommune som veks i folketal og arbeidsplassar.

I år 2000 var det til saman 9375 innbyggjarar, og i 2015 var det auka til 10411 innbyggjarar (Bø 6060 + Sauherad 4351) med høgskule, vidaregåande skule og folkehøgskule. Sørlandsbanen og Bratsbergbanen går gjennom kommunen med stasjonar på Nordagutu og i Bø. Det er eit godt busstilbod med ekspressbussruter gjennom kommunen i fleire retningar.

I år 2000 hadde den nye kommunen 3744 arbeidsplassar, noko som hadde auka til 4136 i 2014. Samla har kommunen 4968 arbeidstakarar, noko som gjev ei netto utpendling på 16,7 %. Dei viktigaste nabokommunane med tanke på arbeidsplassar er Notodden, Nome og Skien.



BØ KOMMUNE

www.bo.kommune.no

Politiske møter i Bø kommune

- 25.5.2016 kl. 18.00 – Kommunestyret. Kommunestyresalen i Bø
- 16.6.2016 kl. 18.00 – Kommunestyret. Kommunestyresalen i Bø

Innbyggjarinvolvering

- Folkemøte i Gullbring Kulturhus 31. mai kl. 18.00
- Opinionsundersøking i perioden 3. – 8. juni*

Det vert gjennomført inntil 600 intervju av kommunen sine innbyggjarar. Dette er eit representativt utval på ca 10% av befolkninga. For å nå dette talet vil det bli ringt til fleire. Utvalet blir henta frå alle manntalsførte innbyggjarar født i år 2000 og tidlegare. Undersøkinga vil ta 2 - 3 minuttar å gjennomføre. Spørsmålet vil vere:

Bø kommune er i ein prosess

for å vurdere om kommunen bør slå seg saman med Sauherad kommune.


Er du for eller i mot denne samanslåinga.

1. For / 2. Mot / 3. Veit ikkje

Telefonnummer det blir ringt frå er 73 10 21 00

Resultat av opinionsundersøkinga vil bli offentleggjort 10. juni på www.bo.kommune.no

*Atterhald om vedtak i kommunestyret 25.5.16



SAUHERAD KOMMUNE

www.sauherad.kommune.no

Politiske møter i Sauherad kommune

- 25.5.2016 kl. 18.00 – Kommunestyret. Kommunestyresalen, Akkerhaugen
- 13.6.2016 kl. 16.00 – Formannskapet. Kommunestyresalen, Akkerhaugen
- 16.6.2016 kl. 18.00 – Kommunestyret. Kommunestyresalen, Akkerhaugen

Innbyggerinnvolvering

- Folkemøte på Idunsvoll, Akkerhaugen 1. juni kl. 18.00.
- Ungdomsinvolvering 8. juni
- Opinionsundersøkelse i perioden 3. – 8. juni.

Det vil bli fullført inntil 400 intervju av kommunens innbyggere. Dette er et representativt utvalg på ca 10% av befolkningen. For å nå dette antallet vil fler bli forsøkt oppringt. Utvalget blir henta fra alle manntallsførte innbyggere født i år 2000 og tidligere. Undersøkelsen vil ta 2-3 minutter å gjennomføre. Spørsmålet vil være:

Sauherad kommune er i en prosess for å vurdere om kommunen bør slå seg sammen med Bø kommune. Er du for eller i mot denne sammenslåingen?

1. For/ 2. Mot/ 3. Vet ikke

Telefonnummer det blir ringt fra er 73 10 21 00

Resultatet av opinionsundersøkelsen vil bli offentliggjort 10. juni på www.sauherad.kommune.no

Vi ønskjer næringslivet i Bø og Sauherad velkommen til

NÆRINGSFRUKOST

Onsdag 1. juni kl. 07.30 på Aarnes Kafeteria